

Arnfinn Kolerud – *Ivar får ansvar*

Ivar gler seg til sommarferien, til bading og lek med bestevennen Maja. Men denne sommaren blir heilt annleis enn han hadde tenkt seg. Ikkje berre får Maja seg sommarjobb, men lommepengane snur. Det vil seie at det er Ivar som må betale lommepengar til mor og far. Ivar blir nøydd til å ta ansvar, og han begynner å flytte ting for folk. Dette fører han ut i ein del absurde situasjonar, og eit par regelrette katastrofar. Og uansett kor mykje Ivar jobbar med modninga si, veks Maja frå han i ei fart. Betre blir det ikkje når det dukkar opp ein sjølvgod type med ei padleåre, som Maja viser litt for mykje interesse for.

Med humor og varme tar Arnfinn Kolerud for seg spagaten til tolvåringen mellom det sutlause livet som barn og ei krevjande ungdomstid. Ivar står i fare for å miste den beste vennen sin, samtidig som foreldra pushar på for at han skal få meir livserfaring. På finurleg vis klarer Kolerud å framstille pengane si betydning, i det store og heile, men òg meir spesifikt i relasjonen mellom barn og foreldre. Her er mykje klokt om pengar og makt, pakka inn i ei ellevill forteljing som gir lesaren stadig nye overraskingar.

Språket spelar ei stor rolle i Kolerud sine bøker, og i denne forteljinga vil fantasirikdommen og ordleiken tiltale både unge og eldre lesarar. Korte kapittel og spenstige dialogar løftar lesaren gjennom ei innhaldsrik bok. Det er lett å la seg rive med: Ein vil heie på Ivar, samstundes som ein får lyst til å rope: «Ikkje gjer det!» Og sjølv om ein forstår intensjonane til foreldra, er det vanskeleg å la vere å godte seg når dei innser at det å tvinge ein tolvåring ut i arbeidslivet kanskje ikkje var den beste ideen i verda. Men heldigvis finst det ein vaksen som hjelper Ivar til å veksle problem om til verdfull erfaring.

Arnfinn Kolerud er ein forfattar som skriv for både barn, ungdom og vaksne. Han har fått fleire litterære prisar og utmerkingar for bøkene sine. For den første boka si, *Berre ikkje brøyteplogen kjem*, fekk han Kulturdepartementets debutantpris i 1996. *Ivar får ansvar* var ei av dei nominerte bøkene til Kulturdepartementets litteraturpris i år og han var også vald ut som fokustittel for NORLA i 2024. Andre populære titlar er *Snillionen* frå 2017, som også handlar om pengar, og er omsett til ei rekke språk.

Arnfinn Kolerud vert tildelt Ordknappen 2025 for *Ivar får ansvar*.



Stiftelsen LESE